

Vedlegg 1

Veglova § 32 og § 57

§ 32

Elektrisk eller anna kraftledning, telegraf- eller telefonledning, vass-, kloakk- eller annen ledning eller renne av alle slag, loypestreng, taubane eller privat skinnegang eller feste for ledning m.m. som nemnt, må ikkje utan særskilt løyve leggst over, under, langs eller nærare offentlig veg enn 3 meter frå vegkant, målt vassrett. Dersom omsynet til trygg ferdsel, vegvedlikehaldet eller moglig seinare utbetring av vegen tilseier det, kan vegstyremakta for særskilt fastsette strekningar sette ein større avstand, men ikkje større enn til byggegrensa for vedkomande veg. Desse reglane gjeld også dersom det i anna lov er gitt høve til å føre ledning eller renne over, under eller langs eigedomsområdet for offentlig veg.

Løyve etter første ledd gir Statens vegvesen for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen for kommunale vegar.

Departementet gir nærare føresegner om utgiftsdeling og sakshandsaming i samband med løyve etter denne paragrafen og § 30.

Endra med lov 1 mars 1996 nr. 11 (i kraft. hhv. 1 apr 1996 og 1 juli 1996).

§ 57

Det er forbode å skade offentlig veg eller å skade eller ta bort innretning som høyrer til offentlig veg.

På eigedomsområdet til offentlig veg er det forbode utan løyve frå vegstyremakta :

1. å grave, sprengje, ta bort massar, hogge tre eller gjere anna inngrep,
2. å sette reklameinnretning eller anna innretning, å legge tommer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på annan stad enn der det er laga særskilt offentlig opplagsplass til slik bruk.
3. å kaste eller legge soppel, ugras e.l. eller å leide inn kloakkvatn eller drensavatn.

Heilt nær offentlig veg er det utan løyve av vegstyremakta forbode å legge soppel e.l. på ein slik måte at det kan verke skjemma eller sjenerande for dei vegfarande eller for drifta av vegen.

Det er forbode å la dyr beite på inngjerda offentlig veg eller å tjore dyr slik at dei kan kome inn på eigedomsområdet til offentlig veg.

Endra med lov 1 mars 1996 nr. 11 (i kraft 1 juli 1996).



Søknad om løyve til graving i offentlig veg

Vedlegg 2.1

Etter vedtektene i Veglova §§ 32 og 57 og forskrifter om varsling av arbeid på offentlig veg vert det hermed søkt om løyve til:

 Legging Utskiifting Reparasjon Luftspenn
Veg nr.: 1196 Hp.: 1 Km: 935 - 945 Arbeidsstad: Sundsbovegen

Arbeida gjeld:

 Vassleidning Telekabel Avlopsleidning Anna: _____
 EI-kabel Gassleidning TV-kabel

Noverande dekke:

 Asfalt Brostein Grus Anna: _____
Frå eigedom Gnr: 106 bnr: 9 slik det er vist på vedlagde kart / skisse i målestokk 1 : 1000Arbeidsskildring: Grave opp veg, legging av kabeltrase over veg.Arbeidet er ønska oppstarta 10.04.19 og venta avslutta 15.05.19Talet på kryssingar 1 stk. Boring: ja, ved km: _____ neiLengde på luftspenn/groft langs veg 0 m frå km: _____ til km: _____

Som eigar av og oppdragsgjevar/byggherre for anlegget tek eg på meg det ansvaret som "Retningslinjer for graving i offentlig veg - NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland. Oktober 2013" pålegg meg og garanterer for ferdigstilling av anlegget utan kostnad for veghaldar. Eg godtek dei vilkår for løyvet som går fram av nemnde retningslinjer.

Oppdragsgjevar/byggherre: Bakk Nett AS
 Adresse: Kokstadvegen 37 5020 Bergen
 Kontaktperson hos oppdragsgjevar/byggherre: Kenneth Holdhus Tlf: 55 12 71 27
 Dato: 29.03.19 Underskrift: Kirik Mylde

Som entreprenør er eg kjend med dei plikter som gjeld for undersøking på gravestaden. Det er sett kryss for dei type anlegg som finst på staden:

 EI-kabel Vassleidning Signalkabel Kulturminne
 Telekabel Avlopsleidning Polygonpunkt Gass
 TV-kabel Gassleidning Grøntanlegg Anna: _____
Nødvendige opplysningar og direktiv om anlegga er innhenta og varsel om graving er gitt. (kryss av)Arbeida skal utførast etter "Retningslinjer for graving i offentlig veg - NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland. Oktober 2013" og etter tilvisning av vedrørte paratar. Eg godtar dei plikter som arbeid i offentlig veg medfører etter nemnde retningslinjer. Godkjend plan for arbeidsvarsling vil ligga føre for arbeidet vert sett i gang. Eg har gyldig ansvarsforsikring i følge retningslinjene pkt. 1.6 og 1.7 ja nei (kryss av)Entreprenør: Ikke valgt

Adresse: _____

Kontaktperson hos entreprenør _____ Tlf: _____

Dato: _____ Underskrift: _____

 Spesielle vilkår, evt sjå baksida Ny nettstasjon skal forsyne Kide fjordbruk AS sin lokasjon i Fensfjorden med straum. I vegkryssing blir kabelen løst i rør med 1 meter overdekning.
 Graveløyve gitt Graveløyve avslått

den _____ / _____ 20____

Kommune / Eining

Underskrift

Askøy, Fjell, Sund, Kvam, Voss, Ulvik, Granvin, Lindås, Austrheim, Meland, Os, Radøy, Gulen



Vedlegg 2.2

Spesielle vilkår, forts. :

Føresetnader for arbeid i offentlig veg

Det er vedtatt egne "Retningslinjer for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013". Disse gjeld for alt arbeid i eller ved offentlig veg. Entreprenør/byggherre kan få reglane ved å vende seg til den einsskilde kommune.

Ansvarshavande entreprenør

Det skal alltid vere ein ansvarshavande entreprenør (eventuelt offentlig teknisk etat) for graving i offentlig veg.

Den som skal vere ansvarshavande entreprenør for eit anlegg i eller ved offentlig veg skal ha dei nemnte retningslinjer og full kjennskap til desse. Ved underskrift på søknadsskjema skal entreprenør forplikte seg til å følgje reglane og ta på seg det ansvaret som følgjer med.

Ansvarleg entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrekkeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen på den staden der det skal gravast. Entreprenøren må ha full oversikt over tilhøva sjølv om andre har gjort undersøkingar. Avkryssing på søknadsskjema skal gjelde som forpliktande erklæring om at tilstrekkeleg undersøking er gjort. Manglande avkryssing kan føre til avvist søknad.

Eigenkontroll skal utførast og skjema «*Entreprenøren sin eigenkontroll ved arbeid i offentlig veg*» skal sendast til den einsskilde kommune, jf. "Retningslinjer for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013." Garantitid gjeld tre år frå dato for ferdigstilling. Entreprenør / byggherre er ansvarleg for ferdigstilling.

Ansvarshavande eigar (byggherre)

Søknad om graveøyve skal alltid underskrivast av eigar av det aktuelle anlegg (byggherre).

Ved si underskrift skal eigaren (byggherren)

- ta på seg ansvaret for det ferdige anlegg, og for hendingar og skader som anlegget måtte medføre på vegen og tredjemann
- vere garantist for at entreprenøren sine plikter etter reglane blir oppfylt

Føresetnader for å ha liggande leidnings- og kabelanlegg i offentlig veg- og gategrunn

Løyvet frå kommunen er gitt mellombels. Leidnings- og kabeleigar er plikta til, for eiga rekning, å foreta dei nødvendige endringar med leidnings- eller kabelanlegget – eventuelt fjerne det – dersom kommunen seinare måtte finne det nødvendig.

Risiko og ansvar


Mulig ulempe for leidnings- eller kabelanlegget ved kommunen sitt vedlikehalds-, reparasjons- eller utbetringsarbeid er ikkje kommunen sitt ansvar. Kommunen har heller ikkje ansvar for skader/ulempar på leidnings- eller kabelanlegg som følgje av trafikkbelastning på vegen.

Askøy, Fjell, Sund, Kvam, Voss, Ulvik, Granvin, Lindås, Austrheim, Meland, Os, Radøy, Gulen




Vedlegg 3

Normalprofil




Fresing og fortanning / utkiling



Vedlegg 4

Krav til istandsetting av vegareal etter gravearbeid i offentlig veg/gate




Vedlegg 5

Krav til istandsetting etter Microtrenching


Veghalder kan vurdere om microtrenching kan nyttast som metode ut i frå tilstanden på vegdekket, tjukkeleik på dekket, grofteprofilen, bereevne og lignande. Grunnleggjande krav:

- Kablane skal ikkje forast langs og over kommunaltekniske anlegg.
- Stikkledningane som forast ut til ein vanleg groft skal gravast ned til ein djupne på minimum 40 cm under botn grofteprofil.
- Fugemassen skal vere fleksibel og tett og det skal ikkje vere krakeleringar langs trenchegrofta.
- Ved kryssing av fartsdempar skal heile fartsdemparen fjernast og etablerast på nytt.



Ett-lags dekke (< 150 kg/m², ca 6 cm) :
utførast som det er gjort nærare greie for frå leverandør og i samsvar med figur.

Kjelde: Telenor



To-lags dekke (> 150 kg/m², 6 cm) :

Etter at kabel er lagt ned og kabelgrofta er fylt med singel, skal det fresast en fortanning i min. 50 cm breidde og 5 cm djupne. Det skal leggjast asfalt av tilsvarende type og